

## Kjære konfirmant og føresette

**Velkommen som konfirmant 2023 i Os kyrkjelyd!**

### Konfirmasjonsdato

Du er sett opp til konfirmasjon i .....

Dette er dato og klokkeslett som vart valt ved påmelding.

### Konfirmantgruppe

Du har fått plass i aktivitetsgruppe .....

Oppstart av aktivitetar i denne gruppa startar vi med i september. (Sjå kva dato i oversikten under)

Gruppeleiar for di gruppe er: .....

Vi lagar ikkje kalender for kvar gruppeaktivitet.

Her er ein oversikt over kva datoar di gruppe skal møte til samling.

<b>Partallsveke 1.onsdag i mnd</b> (blå grupper)	<b>Partallsveke 2.onsdag i mnd</b> (gule grupper)
<i>Join Us DANS 1</i>	<i>Join Us KOR</i>
<i>KRIK ute</i>	<i>Join Us DANS 2</i>
<i>KRIK 1</i>	<i>Join Us BAND</i>
<i>Form og mat</i>	<i>Happening</i>
	<i>KRIK 2</i>
	<i>Friluftsliv</i>
<b>Datoer:</b> <i>Haut: 7.sept, 5.oktober, 2.november, 30.nov</i> <i>Vår: 18.jan, 8.feb, 8.mars, 19.april</i>	<b>Datoer:</b> <i>Haut: 21.sept, 26.okt (!), 16.nov, 30.nov</i> <i>Vår: 25.jan, 22.feb, 22.mars, 19.april</i>

### Presentasjonsgudstenester

Alle konfirmantane skal presenterast for kyrkjelyden ved ei presentasjonsgudsteneste i ei av våre kyrkjer/lokale kyrkjehus.

Vi fordeler konfirmantane på presentasjonsgudstenestene slik:

For eksempel; har du konfirmasjon 6.mai i Nore Neset så skal du ha presentasjonsgudsteneste i Nore neset kyrkje, 4.sept kl 11.00. Sjå oversikt under her:

#### **Obs!**

Dei konfirmantane som har adresse/poststad **SØFTELAND**, skal ha presentasjonsgudsteneste i Søfteland bedehus 25.sept kl 11.00, uavhengig av konfirmasjonsdag og kyrkje.



# DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd

Konfirmasjonsdag	Presentasjonsgudsteneste
6.mai, Nore Neset kyrkje	Søndag 4.sept, Nore Neset kyrkje kl 11.00
7.mai, Os kyrkje	Søndag 11.sept, Os Kyrkje kl 11.00
13.mai, Os kyrkje	Søndag 18.sept, Os kyrkje kl 11.00
14.mai, Nore neset kyrkje	Søndag 2.okt, Nore Neset kyrkje kl 11.00

Føresette og anna familie er og hjarteleg velkomne!

## Konfirmantonsdag (partals-onsdagen/ 1x mnd)

### Program/tidsplan – konfirmantonsdag:

- 18.00 -18.15 Felles samling – kor og info/ **OBLIGATORISK**
- 18.15 – 19.45 – Aktivitetsgrupper/**OBLIGATORISK**
- 19.45 - 20.30 Samling/undervisning i kyrkja/**OBLIGATORISK**
- 20.30 – 21.00 Sosial tid/**FRIVILLIG**

## Det obligatoriske opplegget

Det obligatoriske opplegget startar kl 18.00, i Storsalen i Tunet, og er slutt kl 20.30.

Her flettar vi saman aktivitetar, relasjonsbygging, undervisning om kva kristendom, kyrkje og fellesskap er. I tillegg håpar vi å bygga ned terskelen for konfirmantane til å vera ein del av ungdomsarbeidet.

## Foreldrebidrag

Vi er svært takknemlege for alle føresette som har meldt seg til å hjelpe til på onsdagar. Oversikt over kven som er sett opp på kva onsdag kjem på epost og på foreldremøte i neste veke.

## Gudstenester

Konfirmanten skal gå på 8 gudstenester i løpet av året.

Av desse 8 er **Kickoff-gudstenesta, presentasjonsgudstenesta, lysmesse i desember og fasteaksjonsgudsteneste 26.mars**, obligatoriske. Då sit dei att med 4 gudstenester dei sjølve skal gå på valfrie søndagar, eller nokre av Happening'ane vi tilbyr som gudsteneste. Vi vil tilby ungdomsgudstenester i løpet av året som vert godkjent som gudsteneste.

Dei som ikkje kan komme på ein av desse obligatoriske samlingane med gudstenester, tek gudstenesta igjen som ei av dei valfrie.



# DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd

## Leir

Vi er blitt så mange konfirmantar at vi no arbeider med å kunne tilby 4 ulike leirer.

KRIKexplore/nyttårsleir på Lillehammer: 28.des – 1.jan

Raknestunet/Osterøy: 10. – 12.februar

Vinterfestival/ungdomsarbeidet på Voss (KFUK/M) 10.-12.februar

KonfACTION VEST/Framnes: 25.febr- 28.mars

Vi kjem tilbake til korleis vi skal organisere påmelding og anna i løpet av hausten, og infoskriv med detaljer blir sendt ut i løpet av januar.

## Fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars er vårens store prosjekt for konfirmantane.

**Helga 25.-27.mars** blir ei viktig helg med ungdomsarrangement, aktiviteter på lørdagen og innsamlingsaksjonen på søndagen.

## Pris og betaling

Alle konfirmantar betaler 1400,- for konfirmantåret (*bibel, undervisningsmateriell, leige av kapper, utgifter ved arrangement, leir + anna utstyr*)

Ekstra utgifter ved leirene kjem i tillegg.

Det vert sendt ut epost med lenke til betaling av konfirmantåret. Betaling for leir, kjem vi som sagt tilbake til.

Hjarteleg helsing

**Gro Helen B. Skjælaaen**

Kateket

Tlf: 56 57 24 12

Epost: [gs234@kyrkja.no](mailto:gs234@kyrkja.no)

*Anette-Emilie Gangstø*

Kapellan Os kyrkje

Tlf 45 28 02 78

[at826@kirken.no](mailto:at826@kirken.no)